



HORNINDAL KOMMUNE



VOLDA KOMMUNE

## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Fellesnemnd for nye Volda kommune  
**Møtestad:** Helsehuset 2. etg, Grodås  
**Dato:** 14.09.2017  
**Tid:** 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Stig Olav Lødemel	Leiar	H
Jørgen Amdam	Nestleiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Medlem	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Randi Langlo	Medlem	AP
Eldar Engelund	Medlem	SP
Bente Tryggestad	Medlem	SP
Brynhild Lund Notøy	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Asbjørn Moltudal	Ass. Rådmann i Volda
Rune Sjurgard	Rådmann i Volda/Prosjekleiar
Ann Kristin Langeland	Rådmann i Hornindal

Frå dei tillitsvalde møtte:

Oddbjørg Yksnøy Rangseter (Fagforbundet), Norunn Helene Holmøy-Wang (Delta)

# SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 9/17	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 10/17	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 11/17	<b>Strategiske satsingar for Nye Volda</b>
PS 12/17	<b>Styrking av prosjektorganisasjonen</b>
PS 13/17	<b>Organisering av næringsapparat i Nye Volda</b>
PS 14/17	<b>Budsjettendring - Eingongstilskot og tilskot infrastruktur</b>
PS 15/17	<b>Kommunikasjonsplan for Nye Volda 2017-2020</b>
PS 16/17	<b>Ekstern kulturbygging nye Volda kommune.</b>
PS 18/17	<b>Oppnemning av vararepresentantar til temakomit� for nytt kommunenamn og heraldikk</b>
PS 19/17	<b>Oppnemning av vararepresentantar til temakomit� for nytt kommunenamn og heraldikk – Volda kommune</b>
PS 20/17	<b>Frist for framlegging av ny heraldisk profil</b>
PS 17/17	<b>Orienteringssaker</b>
OS 6/17	<b>Eventuell grensejustering Bj�rke</b>
OS 7/17	<b>Bussamband mellom Volda og Grod�s</b>
OS 8/17	<b>M�te med fylkesmennene i M�re og Romsdal og Sogn og Fjordane</b>
OS 9/17	<b>Vedk. �konomisk st�tte til Kirkelig fellesr�d</b>
OS 10/17	<b>Utbetaling av tilskot til eingongskostnadar ved kommunesamansl�ing</b>
OS 11/17	<b>Evalueringsrapport Nye Sandefjord kommune</b>
OS 12/17	<b>Samling for fellesnemnder for nye kommunar</b>

## **PS 9/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Sakliste: Leiar Stig Olav Lødemel ønskte å setje opp to nye saker på sakskartet; oppnemning av vararepresentantar til temakomité for nytt kommunenamn og heraldikk for høvesvis Hornindal og Volda kommune.

Odd A. Folkestad fremja forslag om å endre vedtak i sak PS 10/17 frå mellombels fellesnemnd.

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste, med tillegg frå Lødemel og Folkestad, samrøystes godkjent.

## **PS 10/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Røysting:**

Møteprotokoll frå sist møte den 20.06.2017 vart samrøystes godkjent.

## **PS 11/17 Strategiske satsingar for Nye Volda**

### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Fellesnemnda syner til saksutgreiinga og vurderer følgjande strategiske satsingsområde som sentrale i kommunesamanslåingsprosjektet:**
  - **Sysselsetting**
  - **Digitalisering**
  - **Kompetanseutvikling**
- 2. Fellesnemnda vil invitere til involvering og synspunkt på satsingar i kommunesamanslåingsprosjektet og ber administrasjonen leggje til rette for dette gjennom nettside, sosiale medium mv.**
- 3. Fellesnemnda kjem attende til nærare handsaming av strategiske satsingsområde etter at det er innhenta innspel utanfrå og internt i kommunane Volda og Hornindal.**

### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen samrøysta vedteken.

## **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 14.09.2017**

1. *Fellesnemnda syner til saksutgreiinga og vurderer følgjande strategiske satsingsområde som sentrale i kommunesamanslåingsprosjektet:*
  - *Sysselsetting*
  - *Digitalisering*
  - *Kompetanseutvikling*
2. *Fellesnemnda vil invitere til involvering og synspunkt på satsingar i kommunesamanslåingsprosjektet og ber administrasjonen leggje til rette for dette gjennom nettside, sosiale medium mv.*
3. *Fellesnemnda kjem attende til nærare handsaming av strategiske satsingsområde etter at det er innhenta innspel utanfrå og internt i kommunane Volda og Hornindal.*

## **PS 12/17 Styrking av prosjektorganisasjonen**

### **Administrasjonen si tilråding:**

**Fellesnemnda vedtek å styrke prosjektorganisasjonen med 100 % stilling for å styrke arkiv/sekretærfunksjonen og ei 100 IKT-stilling. Stillingane vert utlyst som faste stillingar med siktemål om å innfase desse innanfor kommunane si årsverkramme i ny kommune.**

### **Handsaming:**

Odd A. Folkestad med følgjande framlegg om å endre andre ledd av tilrådinga:

*«Stillingane vert utlyst som faste stillingar med siktemål om å innfase desse innanfor kommunane si samla eksisterande årsverkramme i ny kommune.»*

Folkestad ønskte ei prøverøysting, som synte ei oppslutning på éi røyst. Forslagsstillar trekte då forslaget.

Etter merknad til protokoll i Fellesnemnda 12.10.2017 vert følgjande setning lagt til i tilrådinga:

*«Kommunane utarbeider oversikt over årsverkrammene i Hornindal og Volda kommune, der denne oversikta syner aldersfordelinga i dei to kommunane.»*

### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen samrøysta vedteken.

## **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 14.09.2017**

***Fellesnemnda vedtek å styrke prosjektorganisasjonen med 100 % stilling for å styrke arkiv/sekretærfunksjonen og ei 100 IKT-stilling. Stillingane vert utlyst som faste stillingar med siktemål om å innfase desse innanfor kommunane si årsverkramme i ny kommune. Kommunane utarbeidar oversikt over årsverkrammene i Hornindal og Volda kommune, der denne oversikta syner aldersfordelinga i dei to kommunane.***

## **PS 13/17 Organisering av næringsapparat i Nye Volda**

### **Handsaming:**

Saka vart drøfta utan vedtak.

## **PS 14/17 Budsjettendring - Eingongstilskot og tilskot infrastruktur**

### **Administrasjonen si tilråding:**

Disponering av eingongstilskotet og tilskot knytt til infrastruktur vert å disponere slik i budsjettet for 2017:

#### **Inntekter:**

Rammetilskot vert auka med (prosjekt Infrastruktur - kommunesamanslåing)	4,0 mill. kr
Tilskot frå stat vert auka med (prosjekt kommunesamanslåing)	20,5 mill. kr

#### **Utgifter:**

Avsetjing til fond (prosjekt Infrastruktur – kommunesamanslåing)	4,0 mill. kr
Lønnsutgifter (prosjekt kommunesamanslåing)	0,6 mill. kr
Driftsutgifter til programvare, møter, annonsering og informasjon	1,0 mill. kr
Kjøp av tenester	0,4 mill. kr
Avsetjing til fond (prosjekt kommunesamanslåing)	18,5 mill. kr

### **Handsaming:**

#### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 14.09.2017**

Disponering av eingongstilskotet og tilskot knytt til infrastruktur vert å disponere slik i budsjettet for 2017:

#### **Inntekter:**

Rammetilskot vert auka med (prosjekt Infrastruktur - kommunesamanslåing)	4,0 mill. kr
Tilskot frå stat vert auka med (prosjekt kommunesamanslåing)	20,5 mill. kr

#### **Utgifter:**

Avsetjing til fond (prosjekt Infrastruktur – kommunesamanslåing)	4,0 mill. kr
Lønnsutgifter (prosjekt kommunesamanslåing)	0,6 mill. kr
Driftsutgifter til programvare, møter, annonsering og informasjon	1,0 mill. kr
Kjøp av tenester	0,4 mill. kr
Avsetjing til fond (prosjekt kommunesamanslåing)	18,5 mill. kr

## PS 15/17 Kommunikasjonsplan for Nye Volda 2017-2020

### Administrasjonen si tilråding:

Fellesnemnda sluttar seg til framlegget til kommunikasjonsplan for prosjektet i perioden 2017-2020 slik det går fram i vedlegg til denne saka.

Planen vert revidert/oppdatert i takt med at samanslåingsprosjektet skrid fram.

### Røysting:

Tilråding frå administrasjonen samrøystes vedteken.

### Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 14.09.2017

*Fellesnemnda sluttar seg til framlegget til kommunikasjonsplan for prosjektet i perioden 2017-2020 slik det går fram i vedlegg til denne saka.*

*Planen vert revidert/oppdatert i takt med at samanslåingsprosjektet skrid fram.*

## PS 16/17 Ekstern kulturbygging nye Volda kommune.

### Administrasjonen si tilråding:

Med bakgrunn i "plan for ekstern kulturbygging – bygging av samhald og identitet" vedtek Fellesnemnda å sette ned temagruppe for å utarbeide framlegg til meir detaljert plan og tiltak for gjennomføring. Gruppen vert også beden om å kome med framlegg om evt. administrativ ressurs og budsjett til føremålet/tiltaka.

### Prosjektgruppa vert samansett slik:

	Namn	organisasjon
1		Frivillighetsentral V
2		Frivillighetsentral H
3		Eldreråd V
4		Eldreråd H
5		Ungdomsråd V
6		Elevråd H
7		Idrettslag H
8		Idrettslag V
		Evt. andre lag

.....kallar gruppa saman til konstituerande møte. Frist for framlegget vert sett til .....

### Handsaming:

Odd A. Folkestad med framlegg om følgjande tilføyning til administrasjonens tilråding:

«... Prosjektgruppa vert leia av ein representant frå Fellesnemnda, og vert samansett slik:»

Folkestad fremja også forslag om at Odd Harald Sundal som leiar for komiteen.

**Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen, med Folkestads tillegg, samrøystes vedteken.

**Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 14.09.2017**

*Med bakgrunn i "plan for ekstern kulturbygging – bygging av samhald og identitet" vedtek Fellesnemnda å sette ned temagruppe for å utarbeide framlegg til meir detaljert plan og tiltak for gjennomføring. Gruppa vert også beden om å kome med framlegg om evt. administrativ ressurs og budsjett til føremålet/tiltaka.*

*Prosjektgruppa vert leia av ein representant frå Fellesnemnda, og vert samansett slik:*

	<i>Namn</i>	<i>organisasjon</i>
<i>1</i>	<i>Odd Harald Sundal</i>	<i>Fellesnemnda</i>
<i>2</i>		<i>Frivillighetsentral V</i>
<i>3</i>		<i>Frivillighetsentral H</i>
<i>4</i>		<i>Eldreråd V</i>
<i>5</i>		<i>Eldreråd H</i>
<i>6</i>		<i>Ungdomsråd V</i>
<i>7</i>		<i>Elevråd H</i>
<i>8</i>		<i>Idrettslag H</i>
<i>9</i>		<i>Idrettslag V</i>
		<i>Evt. andre lag</i>

.....kallar gruppa saman til konstituerande møte. Frist for framlegget vert sett til .....

**PS 18/17 Oppnemning av vararepresentantar til temakomit  for nytt kommunenamn og heraldisk profil**

**Hornindal kommunestyrem te si tilr dning:**

**Fellesnemnd vel f lgjande varamedlemmar fr  Hornindal i temakomit  for nytt kommunenamn og heraldisk profil:**

- 1. Torunn L demel Stokkeland**
- 2. Svein Otto Espe**

**Handsaming:**

Saka vart ettersendt 11.09.2017.

**R ysting:**

Tilr dinga fr  Hornindal kommunestyre samr ystes vedteken.

## **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 14.09.2017**

*Fellesnemnd vel følgjande varamedlemmar frå Hornindal i temakomit  for nytt kommunenamn og heraldisk profil:*

1. *Torunn Lødemel Stokkeland*
2. *Svein Otto Espe*

**PS 19/17 Volda kommune - Oppnemning av varamedlemer til temakomite for nytt kommunenamn og heraldikk**

**Volda formannskap si tilr ding:**

**Jakob Helset og Tove Aurdal Hjellnes vert valt som varamedlemer i temakomite for nytt kommunenamn og heraldikk.**

**Handsaming:**

Utdeling av vedtak fr  formannskapet i Volda kommune 13.09.2017:

*MELDING OM POLITISK VEDTAK - VOLDA KOMMUNE - OPPNEMNING AV  
VARAMEDLEMER TIL TEMAKOMITE FOR NYTT KOMMUNENAMN OG HERALDIKK*

*Vi melder med dette fr  at formannskapet den 13.09.2017, hadde f re ovannemnde som sak PS 138/17, der det vart gjort slikt vedtak:*

*Jakob Helset og Tove Aurdal Hjellnes vert valt som varamedlemer i temakomite for nytt kommunenamn og heraldikk.*

*Volda kommune, servicekontoret*

*Sonja H vik  
konsulent*

**R ystring:**

Volda formannskap si tilr ding samr ystes vedteken.

## **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 14.09.2017**

*Jakob Helset og Tove Aurdal Hjellnes vert valt som varamedlemer i temakomite for nytt kommunenamn og heraldikk.*

**PS 20/17 Frist for framlegging av ny heraldisk profil**

**Handsaming:**

Med bakgrunn i forseinkinga i prosessen for temakomiteen for nytt kommunenamn og heraldikk, kom Odd A. Folkestad med framlegg til endring av vedtak i sak PS 10/17 i f rebels fellesnemnd den 09.03.2017:

«3. Komiteen skal legge fram framlegg til ny heraldisk profil for fellesnemnda innan 16. november 2017.»

**Røysting:**

Folkestads framlegg samrøystes vedteken.

**Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 14.09.2017**

- 1. Førebels fellesnemnd oppnemner følgjande medlemmar i temakomite for nytt kommunenamn og heraldisk profil:  
Leiar:  
Medlemmar:**
- 2. Komiteen skal legge fram framlegg til nytt kommunenamn for den førebelse fellesnemnda innan 1. juni 2017.**
- 3. Komiteen skal legge fram framlegg til ny heraldisk profil for fellesnemnda innan 16. november 2017.**
- 4. Førebels fellesnemnd legg til grunn at komiteen sikrar brei involvering frå dei respektive kommunane i arbeidet.**
- 5. Rådmennene peikar ut sekretariat for komiteen.**

**PS 17/17 Orienteringssaker**

**OS 6/17 Eventuell grensejustering Bjørke**

**Handsaming:**

Kort orientering frå prosjektleiar Rune Sjurgard om at det vert folkemøte i Bjørke krins 27. september. Til folkemøtet var det eit ønske om å lage eit dokument som skal vere faktagrunnlag for ei folkeavrøysting. Volda måtte trekkje seg ut frå dette verbaldokumentet, på grunn av ulike oppfatningar av prosedyrane rundt ei eventuell grensejustering. Etter §8 i Inndelingslova er det tilstrekkeleg at ein innbyggjar, ein grunneigar eller ein næringsdrivande i dei kommunane det gjeld krev utgreiing om grensejustering. Ein søker såleis ikkje om grensejustering, men om det skal setjast i gang ei *utgreiing* om grensejustering.

**OS 7/17 Bussamband mellom Volda og Grodås**

**Handsaming:**

Assisterande rådmann i Volda, Asbjørn Moltudal, orienterte om at søknad om buss mellom Volda og Grodås har blitt sendt og godkjent. Leiar i Fellesnemnda, Stig Olav Lødemel, la til at vegen vidare no blir å kome med innspel til kva rutetider som vil høve seg best. Ønsket er å setje opp ei rute som samsvarar med når skular/høgskulen startar.

## **OS 8/17 Møte med fylkesmennene i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane**

### **Handsaming:**

Prosjektleiar Rune Sjugard orienterte kort om at rådmennene i dei to kommunane skal møte Fylkesmennene i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane 29. september. Det er utfordrande å stille seg til to fylkesmenn. Det mest ideelle hadde vore å stille seg til éin fylkesmann. Intensjonen med møtet er å avklare ein del ting.

## **OS 9/17 Vedk. økonomisk støtte til Kirkelig fellestråd**

### **Handsaming:**

Prosjektleiar Rune Sjugard orienterte om at det vil kome ei sak på dette til eit seinare tidspunkt, som fellesnemnda må ta stilling til. Praksisen tidlegare har vore at kommunane har gitt summar frå 0-600.000,-

## **OS 10/17 Utbetaling av tilskot til eingongskostnadar ved kommunesamanslåing**

### **Handsaming:**

## **OS 11/17 Evalueringsrapport Nye Sandefjord kommune**

### **Handsaming:**

Prosjektleiar Rune Sjugard oppmoda fellesnemndmedlemmene om å sjå gjennom denne rapporten, ettersom der kan vere mange gode tips og råd som fellesnemnda kan ta med seg i bygginga av Nye Volda kommune.

## **OS 12/17 Samling for fellesnemnder for nye kommunar**

### **Handsaming:**

Det vart lagt fram ønskje om at representantar frå Fellesnemnda deltek på denne samling. Fellesnemnda gav leiar Stig Olav Lødemel fullmakt til å peike ut 1-2 medlemmer frå begge kommunar som deltek på vegne av Fellesnemnda for Nye Volda kommune.

Møte slutt kl. 16:38

Rett utskrift,  
Volda kommune  
Samfunn og rådgjeving  
15.09.2017

Joakim Rødven  
Kommunikasjonsrådgjevar